



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Miljøvernavdelinga

Vår ref.: 2008/6924
Arkivnr.: 433.51

Dykkar ref: «REF»
Vår dato: 18.07.2008

Adresseliste

Handlingsplan for åkerrikse - ansvar og oppgåver

Fylkesmannen i Rogaland har fått koordineringsansvar for å setja handlingsplan for åkerrikse ut i livet. I dette brevet vil me også greia ut om kva for oppgåver me tolkar at dei ulike medverkande har ansvar for. Dersom det er andre meininger om oppgåvene, kan me diskutera desse nærmere på eit ”kick off-møte” for prosjektet i september. Send gjerne inn tilbakemeldingar på dette.

For å sparka prosjektet i gang, vil me altså planlegga og samordna eit møte der me kan diskutera, freista å nøsta opp lause trådar og staka ut vegen vidare for prosjektet. Me håpar at aktuelle representantar frå miljøvern- og landbruksavdelingane hjå fylkesmannen i dei aktuelle fylka, ein representant frå DN, samt Norsk ornitologisk foreining (NOF) sine prosjektansvarlege og fylkeskoordinatorar for åkerrikse (i dei mest aktuelle fylka) har høve til å vera med på møtet. Me tek utgangspunkt i september, og ønskjer tilbakemelding så snart som råd på når det ikkje passar, for å kunna legga møtet til ein dag då flest mogleg har høvet til å vera med.

Samstundes vil me nytta høvet til å minna om at åkerriksesongen ikkje er over for i år. Det kan framleis vera aktuelt å setja i verk akutte tiltak for å verna om rikser som opptrer i juli og august. Det kan også vera aktuelt å sjekka opp status for rikser som song i slutten på juni, for å finna ut om dei har gått til hekking, og om det er aktuelt å setja i verk tiltak for å hindra at eventuelle ungar vert drepne. Det er viktig at fylkesmennene og NOF sine koordinatorar samarbeider tett på dette området, slik at tiltaka raskt kan setjast ut i livet.

Ansvar og roller

Fylkesmannen i Rogaland koordinerer den praktiske utarbeidninga av handlingsplanen. I dette ligg det mellom anna å avklara faglege og praktiske spørsmål. I tillegg vil me utarbeida informasjonsmateriell og legga planar for prosjektet framover.

Fylkesmannen i Rogaland har fått overført pengar frå DN. Desse pengane skal mellom anna nyttast til å betala ut kompensasjonar for diverse tiltak som vert sette i verk. Fylkesmannen i Rogaland har ansvar for å betala ut kompensasjonar til dei som gjennomfører tiltak (sjå avsnitt om finansiering lengre nede).

NOF har ansvaret for å systematisk registrera åkerrikser i Rogaland og Oslo og Akershus, samt å samla inn og samordna observasjonar av tilfeldig registrerte åkerrikser i heile landet. Det er viktig at NOF har eit system som raskt fangar opp og agerer på meldingar om syngande hannar, slik at dei raskt kan vurdera behovet for å setja i verk driftsmessige tiltak, NOF har og ansvaret for å identifisera område med behov for akutte tiltak og melda desse inn

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
Postboks 59 4001 Stavanger	Lagårdsv. 78 Stavanger	51568700 51568811	postmottak@fmro.no Hjemmeside: www.fylkesmannen.no/rogaland	Lagårdsv. 80 Postboks 59 4001 Stavanger	51568700 Telefaks: 51568811

til fylkesmannen i det respektive fylket. NOF skal dessutan gje fylkesmannen råd om kva som er dei beste (og moglege) tiltaka i dei aktuelle områda.

NOF har vidare ansvaret for å legga alle åkerriksedata inn i databasar – utan opphold, slik at forvaltninga har enkel og grei tilgjenge på opplysningane. I første omgang skal alle data inn i www.fugleatlas.no. På sikt skal det også oppretta ein eigen åkerriksebase.

NOF skal, saman med fylkesmannen i dei ulike fylka, gje innspel til kva for større område som kan vera aktuelle for langsiktige tiltak.

Fylkesmannen identifiserer og ”går god for” område med behov for akutte tiltak, samt tar seg av det formelle ved å setja tiltaka i verk. Dei har ansvaret for å finna ut kven som er grunneigar(ar) i det aktuelle området, samt å kontakta dei for å gjera dei merksame på åkerriksa, kva tiltak som bør setjast i verk, og kva for kompensasjonsordningar som finst. (Gjerne i samarbeid med NOF). Det kan vera lurt å kontakta landbrukskontoret i dei aktuelle kommunane for å høyra med dei om korleis ein bør venda seg til den einskilde bonden for å oppnå best resultat. Kanskje kan dei også vera med ut og prata med bonden/bøndene.

Etter å ha vurdert eigne innspel og innspel frå NOF om kva for større område som kan vera aktuelle for langsiktige tiltak, gjer fylkesmannen innspel til kva for større område som kan vera aktuelle for langsiktige tiltak.

Finansiering

Fylkesmannen i Rogaland har fått overført kr 380.000 frå DN i 2008. Desse pengane skal gå til lønn for koordinator, informasjonsmateriell og kompensasjonar ved eventuelle tiltak.

Fylkesmannen i Rogaland kan betala ut direkte til den som skal ha kompensasjon (etter avtale med fylkesmannen i det respektive fylket), eller overføra pengar til fylkesmannen direkte, eller om DN.

Kompensasjonssum

For å ha eit utgangspunkt dersom det skulle verta aktuelt i år, tek me utgangspunkt i å dobla dekningsbidraget for dei ulike produksjonane. Dette er middel som i utgangspunktet vert tildelt bøndene som kompensasjon for tapt avling. (Det dobbelte dekningsbidrag tilsvarer kompensasjonen ein får for u gjødsla randssoner i Rogaland).

Me har også kontakt med Jæren forsøksring som ser på alternative måtar å rekna seg fram til ein sum ut frå det det eventuelt kostar å kjøpa inn tilsvarande avling etter landbruksfaglege kunnskapar.

Elles vil me gjerne ha innspel på rammene for denne type finansiering, eventuelt idéar om kva andre ordningar me kan bruka for å verna om dei syngande åkerriksene (for eksempel bruk av naturvernlov el.)

Andre finansieringsordningar

- SMIL-pengar (Spesielle miljøtiltak i landbruket) er investeringstilskot som kan verta gitt som eingongstilskot til spesielle miljømessige tiltak/investeringar).
- Regionalt Miljøprogram kan gje årlege tilskot til faste miljøaktivitetar (dette er driftsuavhengige middel som fylkesmannen fordeler i kvart fylke). I Rogaland brukar me pengar frå det Regionale Miljøprogrammet i høve til viktige område for biologisk

mangfald. Ordningane som ligg inn under Regionalt Miljøprogram skal reviderast i 2008, og det er høve for å spela inn ordningar for tilskot til faste tiltak for åkerriksa. Desse vert knytt til vilkår for kva ein skal gjera og kva ein ikkje skal gjera i områda ein for tilskot for. Fristen for innspel til revideringa er sett til 1. september i Rogaland. Det kan vera liknande fristar i dei andre fylka.

Med helsing

Einar Haualand
fung. fylkesmiljøvernsjef

Torborg Berge
rådgjevar, prosjektkoordinator

*Saksbehandlar: Torborg Berge
Saksbehandlars telefon: 51 56 89 39
E-post: torborg.berge@fmro.no*

Adresseliste:

Fylkesmannen i Oslo og Akershus, landbruk og miljø, Postboks 8111 Dep, 0032 Oslo
Fylkesmannen i Hedmark, landbruk og miljø, Postboks 4034, 2306 Hamar
Fylkesmannen i Østfold, landbruk og miljø, Pb 325, 1502 Moss
Norsk ornitologisk forening, Sandgata 30 B, 7012 Trondheim
Norsk ornitologisk forening v/ Asbjørn Folvik, Korallvn. 13, 4318 Sandnes
Norsk ornitologisk forening v/ Knut Eie, Øvre Gullhaug 11, 1354 Bærums Verk
Norsk ornitologisk forening v/ Jon Bekken, Åshøgdv. 620, 2360 Rudshøgda

Kopi:

Landbruksavdelinga, her
Direktoratet for naturforvaltning, Tungasletta 2, 7047 Trondheim
Møre og Romsdal Fylke, Fylkeshuset, 6404 Molde
Fylkesmannen i Hordaland, Pb 7310, 5020 Bergen
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, E.C. Dahls g. 10, 7013 Trondheim
Fylkesmannen i Oppland, Serviceboks, 2626 Lillehammer
Fylkesmannen i Vestfold, Pb 2076, 3103 Tønsberg
Fylkesmannen i Vest-Agder, Serviceboks 513, 4605 Kristiansand S
Fylkesmannen i Aust-Agder, Serviceboks 606, 4809 Arendal
Fylkesmannen i Telemark, Statens Hus, 3708 Skien
Fylkesmannen i Buskerud, Pb 1604, 3007 Drammen
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Noregs Bondelag, Pb 9354 Grønland, 0135 Oslo
Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Øvre Vollg. 9, 0158 Oslo
Norsk Ornitoligisk forening v/ Jon Opheim, pb. 124, 2601 Lillehammer
Norsk Ornitoligisk forening v/ Martin Lohne, Bjerkelundstien 6, 3214 Sandefjord
Norsk Ornitoligisk forening v/ Bård Gunnar Stokke, Saupstadringen 43 B, 7078 Saupstad
Norsk Ornitoligisk forening v/ Kåre Olsen, Postvn. 43, 4563 Borhaug
Norsk Ornitoligisk forening v/ Stein Bukholm, Paulsbo Rødtjernkasa, 1796 Kornsjø